

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 15.10.2020

SAKLISTE

- GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
- GODKJENNING AV MØTEBOK
- DELAGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- KONTROLLUTVALSPLAN FOR GULEN KOMMUNE 2020-2023
- DRIFT- OG INVESTERINGSRAPPORT 2. TERTIAL 2020
- STATUSRAPPORT FINANS- OG GJELDSFORVALTNING PR. 31.08.2020
- REVISJON AV FINANSREGLEMENTET
- KOMMUNAL PLANSTRATEGI 2020-2023 MED PLANPROGRAM FOR REVISJON AV SAMFUNNSPLAN

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 10.00. Møtet startar med ei orientering frå NGIR om selskapet.

Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordfører

TV-aksjonen 2020

TV-aksjonen 2020 er tildelt WWF, og er øymerka arbeidet dei gjer for å hindra at plast hamnar i verdshava. Midlane skal mellom anna gå til å etablera og betra avfallssystem, samla inn og resirkulera søppel, kutta bruken av unødvendig plast og gje ei opplæring til elevar og lærarar om konsekvensen av plast for helse og miljø.



Bli digital bøsseberar

Me er i eit annleis år, som krev annleis løysningar. Det er ein dugnad som pregar verda no, og denne tek TV-aksjonen sjølvstøtt del i. Me har dermed bestemt at årets TV-aksjon blir med digitale bøsseberarar, og ikkje fysiske som går dør-til-dør slik me er van til. Ønskjer du som privatperson, lag og foreiningar å bli digital bøsseberar kan du melda deg på <https://blimed.no/> Når registreringa er fullført, vil du automatisk få ei ferdig laga Spleis som er din digitale bøsse. Denne kan du gjøre meir personlig ved å endra namn og bilete om du ønskjer. Frå 5.oktober blir bøssene aktive, og den digitale bøsseberaren deler bøssa si i nettverka sine, anten via sosiale medium, eller sender ein sms eller epost til kjente og kjære med oppmoding om å gje på bøssa.

Les meir om digitale bøsseberarar her: <https://blimed.no/dbb>

Alle er invitert. Som tidlegare år ønskjer TV-aksjonen å invitera alle i Noreg med på aksjonen. «Kommunar i helie Vestland er også i år med å bidra til at TV-aksjonen blir ein suksess. Det er engasjementet og arbeidet som blir gjort i kvar enkelt kommune som gjer at TV-aksjonen når fram til alle krinkel og krok av fylket vårt. Denne frivilligheita er me like avhengig av i år som tidlegare år. Dette er nøkkelen til at TV-aksjonen er ein suksess», seier Jansen. I samarbeid med Salaby har TV-aksjonen skapt eit eige undervisningsopplegg for grunnskolen - tilpassa læreplanen. Det er opp til kvar enkelt om ein vil bruka ein skuletime eller ei skuleveka på opplegget. Næringslivet har også god tradisjon i å engasjera seg for TV-aksjonen. I 2019 samla næringslivet i Noreg inn om lag 32.5 millionar kroner til TV-aksjonen - fordelt på 5700 bidrag. Dei fleste av desse bidraga kjem inn via lokale ringedugadar. Lag, organisasjonar, idrett og trussamfunn er alle velkomne til å bidra til TV-aksjonen. For meir informasjon og

gode idéar om korleis ein kan bidra, sjå <https://blimed.no/engasjer-deg/>

Endringar i kommuneleiinga

Kommunestyret har konstituert Irene Søreide som kommunedirektør frå og med 1. oktober 2020, medan Reidun Halland har fått 1 års permisjon frå stillinga si.

Irene Søreide har sete i kommuneleiinga frå 2018 som rådgjevar med ansvar for mellom anna internkvalitet, koordinering av beredskap og ansvar for utgreiing og prosess i utviklingsarbeid. Ho har juridisk bakgrunn og har difor også fulgt opp juridiske problemstillingar som kommunen må ta standpunkt til.

Frå same dato går Sandra S. Skutvik inn i vikariat i kommuneleiinga som rådgjevar. Ho har arbeidet i kommunen frå 2013. Hennar bakgrunn er Kvalitet og HMS ingeniør, med god erfaring innan risiko- og beredskapsarbeid. Ho har òg vore Hovudverneombod i kommunen i fleire år.

Både Irene og Sandra er kome godt i gang i sine nye roller, og ser fram til eit godt samarbeid det kommande året.

Influensavaksine i Gulen kommune 2020-2021

Influensavaksine er forventa til legekantoret i veke 42/43. Dei første vaksinene er forbeholdt risikogrupper og helsepersonell med pasientkontakt. Folkehelseinstituttet tilrår at alle i risikogrupper og målgruppa tek influensavaksine.

Du kan lese meir på Folkehelseinstituttet sine sider <https://www.fhi.no/sv/influenza/influensavaksine/> og på Gulen kommune si heimeside <https://www.gulen.kommune.no/>

I år ventar vi større etterspurnad etter vaksinasjon og det må difor gjerast prioriteringar. Vi ber om at du tek kontakt med legekantoret på telefon 57781090 om du ynskjer influensavaksine.

Nytt frå barnevernet

Barneverntenesta har endra stillingsnamn frå barnevernkonsulent til kontaktperson i forbindelse med barnevernreforma. Det er

Barne- Ungdom og Familie direktoratet i samarbeid med forandingsfabrikken som står for reforma.



Thea Halsvik har vert i vikariat hjå barneverntenesta sidan februar 2020 fram til januar 2021.

Frå 01.09.2020 starta Lindy Kristin Andersen som ny kontaktperson hjå Gulen og Masfjorden barnevernteneste. Me er glad for å ha ho med i teamet.

Nytt frå Gulen sjukeheim

Eva Hägglund er tilsett i 50 % stilling som aktivitetar ved Gulen sjukeheim. Dette er ei nyoppretta stilling og vi er veldig glade for å ha fått Eva med på laget. Vi har mykje spennande planar og aktivitetar framover.



Kjekt om de følger oss på facebookside vår; Sone Eivindvik-Gulen sjukeheim

Påminning om Gulatingsprisen 2020 og frist for innspel

Vi minner om frist for innspel til Gulatingsprisen 2020 som er 29.10.2020.

Grunngevrne forslag sender du til Gulen kommune, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik

Landslovutstillinga 30. mai – 30.september

30. mai opna Landslovutstillinga Miserabiles Personae – dei svake i samfunnet på

tusenårstaden Gulatinget. Magnus Lagabøtes Landslov av 1274. Det vart ei flott opning av Ordførar Hallvard Oppedal og våre middelalderborn Teodora og Rune frå Eivindvik skule. Takk til elevar og lærarar i 5./6. kl på Eivindvik skule. Utstillinga som er ei vandreutstilling er eit samarbeid mellom MUST/Norsk barnemuseum og Landslovprosjektet, og det har vore ei fryd å vere formidlar på dette prosjektet.

Sjølvsagt vart sommaren annleis på Gulatinget også , med ulike avlyste arrangement grunna covid 19, men vi er særst fornøgde med besøkstalla på Landslovutstillinga. Det har vore ein flott mix av tilreisande og lokale turistar. Særst hyggeleg var det når fastbuande og hyttefolk kom på utstillinga når dei hadde tilreisande gjester på besøk.

Takk til skuleklassane og barnehagen som kom på besøk på Landslovutstillinga. Takk for gode samtaler om fattigdom, menneskeverd og demokrati. Samtaleemner som vi alltid må ha på tinget.

(Besøkstall for utstillinga frå 30.05 -31.08, var 3490)



INFORMASJON OM TELEUTFALL PÅ NORSK, ARABISK, POLSK OG ENGELSK

I Gulen kommune opplever me frå tid til annan at deler av kommunen får totalt teleutfall. I situasjonar der fasttelefon, mobilsamband og fiber/nett er ute er det viktig at de som innbyggjarane kjenner til at det finst alternativter dersom de skulle vere i ein situasjon der liv og helse står i fare og de treng hjelp.

I slike situasjonar vil det som oftast framleis vere mogleg å bruke nødnettet. Nødnett er eit lukka beredskapsnett for politi, brannvesen, helsetenesten og andre aktører med eit nød- og beredskapsansvar.

I Gulen kommune har desse personane tilgang til nødnettapparat:

- Mannskap i brann- og redningsetaten
- Legane
- Ordførar, kommunedirektør

I tillegg et det stasjonert eit nødnettapparat på kvart bu- og omsorgssenter (i Eivindvik – på Gulen sjukeheim).

Ved krisehendingar vil Gulen kommune informere på heimesida

www.gulen.kommune.no og i særskilte tilfeller gjennom SMS varslng.

البلدية تتعرض لانقطاع كامل لشبكة الاتصالات. وفي الحالات التي ينقطع فيها الاتصال عن طريق الهواتف الأرضية وشبكة الجوال وشبكة النت / الفايبر، فمن المهم أن يكون سكان البلدية على دراية بأن هناك بدائل في المواقف الطارئة التي قد تشكل خطورة على حياة الإنسان وسلامته ويحتاج الناس فيها للمساعدة. وفي مثل هذه المواقف فعادة ما يكون من الممكن استخدام شبكة الطوارئ، وشبكة الطوارئ هي شبكة تأهب مغلقة خاصة بالشرطة والمطافئ والخدمات الصحية والجهات الأخرى التي عليها مسؤوليات في حالات التأهب والطوارئ.

لدى هؤلاء الأشخاص إمكانية استخدام أجهزة شبكة الطوارئ في بلدية "غولين":

طاقم هيئة الإنقاذ والمطافئ
الأطباء

رئيس البلدية والمدير الإداري في البلدية ونائب المدير الإداري بالإضافة لوجود جهاز لشبكة الطوارئ في كل مركز من مراكز السكن والرعاية (في "أيفينديك" - وفي دار "غولين" للمسنين)

-

في حالات الأزمات ستقوم بلدية "غولين" بإعطاء معلومات على صفحة وفي الحالات www.gulen.kommune.no الإنترنت SMS الخاصة سيتم الإخطار عن طريق رسائل نصية

Tłumaczone z norweskiego

W gminie Gulen zdarza się od czasu do czasu, że w niektórych jej częściach całkowicie zanika łączność telefoniczna.

W sytuacjach, kiedy nie działają telefony stacjonarne, sieć komórkowa ani światłowody/Internet, ważne jest, żebyście wy jako mieszkańcy wiedzieli, że istnieją inne alternatywy, gdybyście znaleźli się w sytuacji zagrożenia zdrowia lub życia i potrzebowali pomocy.

W takich sytuacjach będzie najczęściej nadal możliwe korzystanie z kryzysowej sieci łączności (nødnett). Jest to zamknięta sieć łączności kryzysowej dla policji, straży pożarnej, służby zdrowia i innych instancji odpowiedzialnych za bezpieczeństwo publiczne i w wypadku wystąpienia sytuacji kryzysowych.

W gminie Gulen następujące osoby mają dostęp do sieci łączności kryzysowej:

Personel służb przeciwpożarowych i ratowniczych
Lekarze

Burmistrz, szef administracji gminnej i jego zastępca

Oprócz tego każdy ośrodek mieszkalno-opiekuńczy posiada aparat sieci łączności kryzysowej (w Eivindvik – w domu opieki Gulen sjukeheim)

Przy zdarzeniach kryzysowych gmina Gulen będzie informować mieszkańców o sytuacji na swojej stronie internetowej www.gulen.kommune.no, a w sytuacjach szczególnych - poprzez ostrzegawcze SMS-y.

Emergency Network

In Gulen we occasionally experience that part of the municipality lose telecommunications.

When this happens, it will still be possible to use the Emergency Network if you are in a situation where your life or health is in danger. This network is a closed emergency network that is used by the police, fire department, healthservices, and by a few other people who have a special responsibility in case of an emergency situation.

In Gulen municipality the following groups/people have access to the emergency network:

- Firemen
- Doctors
- Mayor, municipal executive

In addition, you will find one network terminal stationed at each of our senior centers (in Eivindvik – at Gulen sjukeheim)

In case of emergency, Gulen municipality will provide information on the official website www.gulen.kommune.no and in special situations by sending out text messages.